

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](http://helse-forde.no)

Gode kolleger.



Siste nytt

Endring i avtalespesialistpraksis ØNH på Nordfjordeid og i Førde.

1. april overtar Oddvin Bjørge (Eid ØNH) for John Arthur Kvamme (Nordfjord ØNH) i 50% avtalepraksis på Nordfjordeid. Bjørge er ein erfaren ØNH lege, med bakgrunn frå ØNH Sentralsykehuset Ålesund og Medi3 Ålesund.

Ingen endring av åpningstid eller tilbud, framleis søvnregistreringar. Same dato utvidar Kvamme (Sunnfjord ØNH) frå 50 til 100% i Førde. Han jobber i avtalepraksisen mandag til torsdag og ved ØNH avdelinga på sjukehuset fredager. I praksisen i Førde startar han no opp med søvnregistrering. Pasientar kan og henvisast direkte dit til vurdering ifht høyreapparat.

Avtalespesialistpraksis i augesjukdomar i Florø - utlyst no for andre gang.....

Florø har hatt augelegepraksis sidan tidleg på 90 talet - dei første åra på Florø sjukehus og sidan 2001 ved Sunnfjord Medisinske Senter. I tillegg til pasientar frå Florø har praksisen også hatt pasientar frå nærområdet - inkludert Bremanger og Naustdal. Augelegen i Florø går av for aldersgrensa i løpet av dette året og Helse Vest har utlyst heimelen frå 1. september i år . Kolleger i allmennpraksis har stor nytte av lokal

augelegepraksis for samarbeid og for å kunne tilvise pasientar. Med dei kapasitetsproblem det er i augelege-faget for tida vil manglande augelege i Florø sjølv sagt medføre betydeleg problemar både for legar og pasientar. Om nokon av våre lesarar kjenner til augelegar som det kan vere aktuelt for å søke på denne stillinga så ta direkte kontakt med vedkomande! Lenke under til stillingsannonsen og Sunnfjord medisinske senter sine nettsider.

[100 % avtaleheimel i augesjukdomar i Florø - Helse Vest RHF | legejobber.no](https://www.legejobber.no)

[Sunnfjord Medisinske Senter – Samhandling under same tak \(sms-senteret.no\)](https://www.sunnfjordmedisinskesenter.no)

Habiliteringstenesta for barn og unge (HABU) - endring i organisering

Wenche Sjøstad, seksjonsleiar for Habiliteringstenesta for barn og unge i Helse Førde har sendt epost til samhandlingslegane der ho skriv:

Habiliteringstenesta for barn og unge (HABU) er frå 01.04.24 ikkje lenger seksjon under Barneavdelinga, vi er flytta til Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering. I denne samanheng er det viktig at fastlegane får informasjon om at dei frå no må sende tilvisingane til HABU ved Barnehabilitering@90447.De skal likevel vere trygge på at dersom tilvisinga går direkte til Barneavdelinga, så har vi rutine som sikrar overføring til rett seksjon. Elles er alle telefonnummer og e-postadresser som før.

Botox ved tensjonshovudpine - avgrensa tilbod om behandling ved nevrologisk avdeling Helse Førde.

Samhandlingslegane har fått spørsmål frå allmennlegar vedr tilbod i Helse Førde for botox-behandling for hovudverk. Avdelingsoverlege Stig Hegrestad svare:

"Det er pr i dag ikkje etablert indikasjon for Botox-behandling mot tensjonshodepine. I heilt spesielle og terapieresistente tilfelle er unntaksvi dette likevel blitt praktisert her hos oss, men det har etterkvart blitt innstrammingar av denne praksis. Vi har elles hatt enkelte pasientar der det viser seg at det ved nærare gjennomgang også ligg føre migrene og som såleis fell inn under indikasjon.

Det foregår studier på Botox ved tensjonshodepine ved NTNU. Dersom det er pasientar som ynskjer å være med kan dei gå inn på heimesidene til Norhead og melde si interesse. Dei vil så bli kontakta direkte av studiesjukepleiar med tanke på inklusjonskriterier etc."

Omlegging av logistikken ved igangsetting av fødsel

Overlege ved kvinneklinikken Trude H Folkestad skriv i ein epost til Samhandlingslegane. "Mandag 4. mars starter vi med poliklinisk induksjon.

Dvs dei gravide møter til avtalt tid i poliklinikken. Her blir dei tatt imot av jordmor og det blir tatt CTG. Ballongkateter er førstevalg når ein ikkje kan ta vatnet.

Dei som er friske og bur nær nok kan reise heim med ballong. (ca 30 min reiseavstand dersom det ikkje er spesielle utfordringar på vegen, som td rasfare)

Dei som bur lengre vekk men er friske, bur på Sunnfjord hotell eller pasient hotell. (eiga avtale. Jordmor i poliklinikken bookar rom til dei)

Når mennene vil være med bookar ein dobbeltrom. Det vil då bli ein kostnad på 200kr som paret sjølv må koste. Dei betaler då direkte til hotellet.

Dei med risiko blir i avdelinga som før. Dette er identifisert i prosedyren. Vedlagt ligg pasientinformasjonsbrosjyren.

[Igangsetting av fødsel Førde sentralsjukehus - pasientinfo.pdf](#)

Polikliniske obduksjonar

Marita Osland, førstesekretær/ IT- ansvarleg ved avdeling for patologi i Helse Førde har sendt oss ein epost der ho bl.a. skriv: "Vi får inn i mellom telefon frå kommunelegar i Sunnfjord og Nordfjord om følgjeskjema for obduksjon. Vi har ikkje elektronisk løysing for dette enno og opplever at dei sender tilvising via DIPS for å be om obduksjon. Då får ikkje vi dei nødvendige opplysningane vi treng for å utføre medisinsk obduksjon. Det er viktig at dei brukar skjemaet som er til dette formålet. Mellom anna er det viktig at dei kryssar av for om dei har vore i kontakt med politiet. Legg ved eit skriv om korleis ein kan finne skjema på heimesida til Helse Førde. Der kan ein fylle ut skjema i PDF- format, skrive ut og sende med gravferdsbyrå når dei transporterer MORS til sjukehuset."

[Laboratorietenester - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

[Finne obduksjonsbegjæring på helse-forde.no.pdf](#)



Samhandlingskalender

Kurs i individuell veiledning for ALIS

I regi av ALIS vest holder Rune Nordpoll og jeg nytt kurs i individuell veiledning på Stad; Kviknes hotel, Balestrand.

Tid: 25.-26.04.24.

[AlisKurs i individuell veiledning i spesialistutdanningen for leger, Balestrand 25 - 26 april 2024 \(deltager.no\)](#)

ADHD og litt FACT-team

Scandic Sunnfjord hotell 17.april 2024

Psykiatrisk klinikk, Helse Førde ønsker velkommen til fagdag for fastlegar og spesialistar,

Inga kursavgift, lunsj inkludert

Påmelding innan 18.mars 2024 [HER](#)

Det er søkt om godkjenning frå DNLF som valfritt kurs og frå Norsk Psykologforening som vedlikehaldskurs.

[Fagdagd i psykiatri 17.04.24 Program med påmelding 2024 .pdf](#)

Erfaringskonferansen psykisk helse og rusarbeid - samhandlingskonferanse mellom kommunane og Helse Førde

Thon Hotell Skei 12.-13.06.24. Oppstart onsdag kl. 10 - ferdig torsdag kl. 13.

Tema i år breidt omfattande og gjeld både barn og voksne - bl.a. korleis blir det arbeidd med dette tema i det nye helsefelleskapet, handtering av psykiske kriser, barn som pårørande, ADHD. Forelesingar og gruppearbeid. Innlegg frå lokale fapersonar både frå primær- og spesialsithelsetenesta som er tett på problemstillingane,

erfaringskonsulentar og "kvardagsprofesjonelle" . Söker om tellande timar i ALIS og etterutdanning.

Meir info seinar. Set av tid.

Diabetesforum Vestland

Tid: 14.11.24. kl. 10-15.30. - 6 godkjente kurstimar/del av emnekurs

Godkjent som emekurs (totalt 15 timar) saman med 9 timars digitalt kurs live på Zoom som går den 03.09, 17.09, og 24.09 frå kl. 18-21. Mulegheit for å sjå opptaka i etterkant.

Set av dato. Meir info kjem seinare.

Med helsing

Normund Rolleiv Svoen

Samhandlingslege

Leiar for samhandlingslegeordninga i Helse Førde (tidegare PKO)

Mobil 95770807

Privat epost: svoens@gmail.com

Virtuelt møterom: 997564

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no/samhandlingslegeordninga-tidlegare-pko)

Helse Førde HF

[Forside - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no/forside)

